Informasjon

# Kyrkjelydsblad for Hå

Nr. 3-2025 17/8 2025 - 30/11 2025
Årgang 57
www.hakyrkja.no





# FRIGJERAREN

Tekst og foto: Palle Gunnar Haarr

Fotjerna du ser på biletet var ein gong festa rundt anklane på ein slave. Eg som skriv denne teksten var vitne til at slaven vart sett fri. Fotjerna vart fjerna frå anklane hans, mellom anna ved hjelp av to tenger, noko det andre biletet syner. Han var dermed ein fri mann. Dette skjedde i Afrika på byrjinga av 1960-talet. Som liten gutunge var eg altså vitne til at denne arme mannen, som hadde klart å søkja tilflukt til misjonen og kyrkja sitt område, vart fri lenkjene som hadde halde han som slave i årevis.

Å verte sett fri var utvilsamt denne mannen sitt høgaste ønskje.

Kristendommen er ei frigjeringsrørsle. I Bibelens bønebok, Salmane, møter me mange menneske som bed og tryglar om å verte sett fri: Fri meg frå fiendane mine, frå urett, frå dødsrikets grep, frå dei som jagar meg, frå syndene mine.

I Det nye testamentet står Frigjeraren fram. For å rope ut at fangar skal få fridom, for å setje undertrykte fri (Lukas 4), har Gud sendt han. Jesus er Han som bryt lenkjer, slavelenkjer. Lenkjer som på ein eller anna måte held menneske nede i ufridom.

Sakkeus vart sett fri frå egoisme (Lukas 19). Dei ti spedalske vart løfta ut av sosial utstøyting (Lukas 17). Å ta forteljinga om Den miskunnsame samaritanen på alvor handlar blant anna om å bli sett fri frå rasefordommar. «Får Sonen gjort dykk frie, blir de verkeleg frie,» seier Jesus (Joh 8).

Jesus er Frigjeraren. Han ønskjer å setje oss fri frå alt som vil halde oss nede i ufridom. Han inviterer oss til å bli med i si frigjeringsrørsle.

# INNHALD



2
ANDAKT


4 - 6
LARS BRAKSTAD KJOSAVIK


8
30 ÅR SIDAN KYRKJA KOM ATT


9
COUNTRY LIGHTS ER 50 ÅR


11
VÅRE FORFULGTE SØSKEN


12
SPEIDEREN I STOKKALANDSMARKA


13 - 20
OPPSTART AV AKTIVITETAR


21
BARNAS SIDE


22 - 23
DØYPTE, DØDE, VIGSEL, MØTER


27
KONTAKTINFORMASJON


28
GUDSTENESTER


*Foto framsida: Kell Jacobsen*

DEN NORSKE KYRKJA
Hå kyrkjelege fellesråd






Har du idear eller ynskje til innhald i kyrkjelydsbladet?

Send ein e-post til: post@hakyrkja.no


## KYRKJELYDSBLADET FOR HÅ

**Utgjevar:** Sokneråda i Nærbø, Varhaug og Ogna
**Adresse:** Kyrkjelydsblad for Hå, Ånestadsvegen 12, 4360 Varhaug

**Redaktør:** Kyrkjeverja i Hå (redaktør) tlf.: 51 43 62 10

**Mottak av stoff:** e-post: post@hakyrkja.no
**Layout/trykk:** Jærprint

Bladet vert sendt fritt til alle husstandane i Hå kommune.
Gåver kan betalast til konto: 3335.05.21483

# LARS BRAKSTAD KJOSAVIK

**Lars Brakstad Kjosavik er nå tilsatt som vikarprest i Ogna fram til 15. mars 2026. I denne perioden vil han ha ansvar for gudstjenester, kirkelige handlinger og det løpende menighets-arbeidet, samtidig som han vikarierer for presten i Varhaug omtrent én søndag i måneden. For å gi menigheten et første inntrykk av ham, har vi bedt Lars svare på fem korte spørsmål.**

**Du har rukket å bo i Sandnes, på Madagaskar, i Australia og i Brasil - kan du dele ett minne fra reisen som sier noe om hvem du er?**

Kanskje det som kom til meg først var minnene frå barndommen på tur i Madagaskar, både medan me budde der, og når eg var med mine foreldre medan dei var reiseleiarar. Synet av ein skare i krittkvite draktar – som dei av oss som kjenner den røde jorda på Madagaskar lar oss imponera av at går ann å halde så skinnande reine.

Dei kom vandrande langs den holete vegen som vart meir skikka til gange og kjerre enn til landcruiserane me humpa framøver med. Dei var på veg mot ei kyrkje, gjerne fleire mil unna der dei bur.

Eg hugsar det gjekk opp for meg når eg var 11 år kor mykje trua, fellesskapet og kyrkja betyr for menneskjer som etter vår vestlege målestokk har nesten ingenting, men som du med kun eit blikk kan sjå i gjennom augo  og smila deira at har alt.

Dette «alt»-et lærde eg å kjenne som evangeliet om Jesus Kristus og fellesskapet med Gud og medmenneskjer. Desse opplevingane har vore viktig for både mi tru og mi forståing av kva som er viktig i mitt eige liv og i livet til menneskje rundt meg.

**Du vurderte en stund å bli lege som faren din; hvilket øyeblikk gjorde at du i stedet valgte presteyrket?**

Sidan eg var nokså ung vart det tydeleg føre meg at det å bli lege var ein naturleg og trygg veg å følgje. Den var allereie fulgt av min bror, og eg kunne lenge kjenne eit ynskje om å gjere tilsvarande.

Veien til denne tilsynelatande «u-svingen», som kanskje heller kan bli forstått som ei paralellgate bygde seg opp undervegs, mest med utgangspunkt i korleis eg sjølve opplevde tendensane i både fastlegeordninga og tilstandane på sjukehusene eg framleis frekventerte på grunn av mi historie som barn med medfødt hjertefeil.

Eg kunne merke både på dei eg kjente nært og dei eg møtte undervegs at livet som lege ofte blei ein kamp mot eit system kor ein gjerne sjonglerte ein haug med ulike hensyn. Pasienters vel og rett, økonomi, formalia og byråkrati samt legens eigne liv og kår framsto som å vere i ein konstant konflikt og prioriteringsskvis som virka å fjerne, eller i det minste minske, mogleg-heita for å vere fullstendig til stades i møte med pasientar og medmenneskjer, særleg dersom ein også skulle verna om eige liv og familie.

Desse avveiingane er eg utruleg glad for at mange legar evnar å halde ope på sine vis, men eg erkjente til slutt at eg kunne risikere å miste meg sjølve, enten gjennom ei lite berekraftig, idealistisk og kanskje sjølvutslettande kamp mot systemet, eller gjennom å godta kompromiss på kva eg meiner er gode prioriteringar for menneskjer i sjukdom, naud og liding.

Det blei tydeleg for meg at dersom medisin skulle vere vegen å gå, måtte eg ta nokon vanskelege val om kva eg skulle gjere med det eg framleis anser som ei utruleg spennande og viktig utdanning og yrkesveg. Når eg kom til denne erkjenninga vart det ikkje lenge før eg både tenkte og erfarte at presteteneste ville ivareta mitt ynskje om å vere der for menneskjer og bety ein forskjell midt i livet - både i gode og vonde dagar - samt vere ei teneste kor eg kunne vere meir til stades i livet til dei som treng nokon med både tid-, ynskje- og vilje til å gå eit stykkje med dei, der dei er.

Det ville også vere ein veg som kunne bety ein forskjell for kyrkja som eg er så glad i, og som framleis opplev ein utfordrande prestemangel og uviss framtid når det gjelder prestetenesta i heile landet. Utfordringane til fastlegetenesten var på mange måter det som førte meg til å vurdere medisin, så på eit vis har eg gått frå ein sko som trykkjar i samfunnet til ein annan.

Eg brukte to år av livet med oppsamling av konkuransepoeng for å få ein studieplass eg endte opp med å sei frå meg, og karakterar eg slettes ikkje trong for å byrja på teologien på MF. Men, eg har i dei følgjande 6 åra berre blitt meir og meir nøgd med både veg og val, først som teologistudent og nå prest i Ogna.

Eg kan kanskje ikkje gi løysingar på sjukdom og smerte i form av reseptar som prest, men eg vil prøve gjennom mi teneste å hegne om menneskeverdet og fortelja om ein Gud som er nær når me lid, og som ynskjer at vi tek vare på kvarandre, både i sjukdom og alt anna som råka livet. Eg ynskjer å invitera til eit fellesskap der ein ikkje er definert av kva ein opplever sjølv å



«feile» eller «mangle». Eit fellesskap der det er ope for å koma til Gud og sin neste med både det som ein er glad for og det ein sørgjer over, ein stad og fellesskap der en blir tatt imot som den en er.

**Etter studietid i Oslo går du nå inn i hverdagen som prest i et lite jær-sokn - hva tror du blir den største overgangen for deg personlig?**

Den største overgangen for meg blir nok den som kjem i skiftet frå studiekvardagen til jobbkvardagen. Eg opplev sjølve at eg er heldig som får flytta «heim» etter studietida, noko som betyr at nettverk og familieliv blir ein hjelp og støtte, og ikkje nok eit punkt som skal byggjast «på ny».

Sjølvsagt vil eg framleis ynskje å etablere relasjonar og samarbeid med folk i både Hå og ellers på Jæren, i og utanfor kyrkja. Dét vil, slik eg ser det, vere mi hovudoppgåve utanom dei faste arbeidsoppgåvene og kyrkjelege handlingane.

Overgangen vil også kjennast i bønelivet mitt. Eg ynskjer å ha alle folk som bur og jobbar i Ogna og Hå med meg i mine tankar når eg arbeid, og mine bøner når eg ber, uansett om dei kjenner si tilhøyring i kyrkja eller ikkje.

Eg gler meg til å bli kjent med folk i kyrkjelyden, og arbeide for at alle som ynskjer skal få vere ein del av eit kjærleg fellesskap i Ogna kyrkje. Eg vil og arbeide for at alle sysken i Kristus saman gjer ein forskjell for lokalsamfunnet og kvarandre.

Eg røyner at alle gode krefter i Ogna kan kome samman for å vise godleik og kjærleik til alle menneskjer i og utanfor Kyrkja med stor K.

**Hvilke tre ord ville gode venner brukt om deg, og hvilket av dem håper du at folk på Ogna merker først?**

Det er vanskeleg å vite heilt sikkert, men eg trur kanskje dei ville trukke fram følgjande:

**Lars er Interessert**
Eg har ei utørsteleg interesse for både historier, menneskjer og fag. Kva som helst kan la meg inspirera til å bruke timevis i fordjuping på nett og i litteratur, og over ein kaffekopp kan eg gjerne bruke fleire dagar og kveldar på å diskutere alt frå historie, vitskap, teologi, filosofi, sport eller veret til meir mellommenneskelege ting som tap, sorg, lykke og meininga med det heile. Dersom noko er viktig for ein annan, skal det ikkje mykje til for at eg lar meg rive med.

**Lars er Engasjert**
Gjennom eit relativt ungt liv har eg rokke å vore engasjert i ganske mange forskjellige organisasjonar og samanhengar, hovudsakeleg i kristne organisasjonar. Det er både fordi eg er glad i frivilligheit og dugnad, men også fordi eg trur på ein Gud som kallar oss til fellesskap i alt me gjer og syslar med. Det betyr også at eg gjerne tek utfordringar og seier oftest «ja» til det meste, sjølv om eg også har byrja å lere meg å nokon gangar seie «kanskje ein annan gong» eller til og med «nei» – men det tilhøyrer framleis sjeldanheita.

**Lars er imøtekomande**
Det er sjølvsagt ein frimodig ting å seie om seg sjølve, men det er i det minste ynskjet mitt. Eg er oppteken av å sjå kven som helst eg møter i augo, og uavhengig av kva som måtte vere av ulikskap eller usemje sjå dei som eit medmenneskje, skapt og elska av Gud med ei ukrenkeleg og uforanderleg verdi for Han som er min venn, frelsar og mester – Jesus Kristus.

Eg har lært at Jesus stoppa opp hos menneskjer som ikkje hadde alt på stell, og valde å vere saman med nettopp dei. Han tok og til orde mot dei som trudde dei var betre enn sine medmenneskjer på grunn av sin eigen eller andres livsførsel eller sosiale- og økonomiske status.

Det er ikkje ein enkel oppgåve å skulle følgje Jesu eksempel, men, så lenge det er meg gitt eit kall og ein velsigning frå kyrkja og kyrkjelyden vil eg strebe etter å møte alle og ein kvar med den kjærleik som Gud har vist meg og si kyrkje gjennom sin son Jesus Kristus.

**Når du skal koble helt av i en travel uke, hva gjør du helst?**

For å koble av passar det meg best å vere heime med kona, eller i godt lag med vener og familie, gjerne med kaffe, brettspel eller berre prat.

Det hender at eg også set meg på dataen og speler litt, gjerne dataspel med historiske elementer ved seg, slik som favoritten Europa Universalis IV, eller andre strategispel saman med vener, gjerne frå fleire stader i landet over nettet.

Elles er eg glad i fotball. Arsenal har vore laget i England sidan eg var 10 år gammel, og Viking den lokale favoritten, sjølv om eg har hatt ein stad i hjartet for Sandnes ULF óg.

På vinterstid trivs eg best i skibakkane på telemarkski, gjerne i form av toppturar, sjølv om nokon skulderskadar har halde meg tilbake i dei siste sesongane.

Somrane tilbringast gjerne på hytta til mine foreldre på Åmøy i Ryfylket der mitt tidligere mellomnavn Meling var frå, eller på utenlandsferie dei gongene det lar seg gjøre.

## HalloVenn
I NÆRBØ KYRKJE

Jarle Waldemar
Snop
Aktivitetar
Godt lag



**Prisar:**
Barn: 100,- med innmelding i nmsu
150,- utan innmelding i nmsu
Vaksne: 50,-



Påmelding via hoopla opnar 1. oktober

## Misjons tivoli



**24 august**
**Nærbø Kyrkje**
Inntektene fra dagen går til Stefanusbarna i Egypt
Sal av mat og mange kjekke aktivitetar

*Ogna kyrkje*
## *Salmekveld*



*med*
*Arild Vøllestad og Jæren kammerkor*
***Tema: «Kveldssalmer»***
Tirsdag 30.september kl 19.00
*Kollekt ved utgangen*

***Se gjerne vår facebookside eller www.jaerkor.no***

## Jæren



## kammerkor
øver hver tirsdag på Bø skule (Nærbø)
kl. 19.00-21.00
*Første øvelse er 26.august* - VELKOMMEN!

Se vår facebookside eller www.jaerkor.no for mer informasjon



# 30 ÅR SIDAN KYRKJA KOM ATT

Søndag 7. september markerer Ogna sokn at det er 30 år sidan den gjenreiste steinkyrkja blei vigsla 2. pinsedag 1995. Jubileet blir halde i enkel stil: vanleg messe, kaffi og ein kort historisk gløtt frå lokalhistorikar Lisabet Risa.

Bakgrunnen er dramatisk. Tidleg morgon 13. november 1991 slo lynet ned i tretårnet; flammane gjekk raskt gjennom bygget, og berre steinmurane stod att. Brannfolk og frivillige redda kyrkjesølv, skipet og protokollar ut før varmen vart for sterk

Same kveld vedtok eit samla menighetsråd å byggja opp kyrkja «slik ho var» – eit vedtak som samla folk og midlar frå heile bygda

Fire år seinare stod nygamle Ogna kyrkje klar med nytt kor og menighetssal, teikna av arkitektane Torsvik & Thesen

Kong Harald og dronning Sonja deltok på vigslinga og roste jærbuen for kombinasjonen av tradisjon og fornying

Tre tiår seinare er bodskapen den same, men ramma enklare. Når klokkene ringer 7. september, handlar det mest om å takke for fellesskapen som løfta ruinane i 1990-åra, og om å gi stafettpinnen vidare. Murane som stod imot eld, og menneska som stod saman, minner oss om at kyrkja er meir enn eit hus - ho er eit møtepunkt som held seg så lenge bygda vil.

# COUNTRY LIGHTS ER 50 ÅR

Tekst og Foto: Henning Thunheim

**Country Lights ble startet i 1975 av Henning Thunheim fra Moi. Sammen med tre jærbuer og en sørlending fra Kristiansand hadde bandet sin første øvelse i Undheim Kapell i juli 1975. Opprinnelig fungerte bandet som backing-gruppe for det lille plateselskapet Golden Voice som hadde spesialisert seg på utgivelser av plater med kristent innhold. I perioden 1975-1977 medvirket de på flere innspillinger i denne genren.**

I 1977 gav Country Lights ut sitt første album som bestod av instrumentale versjoner av kjente kristne melodier. Fra 1978 begynte bandet å spille egne konserter både lokalt på Jæren og andre deler av Sør-Norge. Musikkstilen har hele tiden vært innenfor country - rock, og Country Lights var det første bandet i Norge som anvendte denne musikkstilen til å fremføre sanger med et klart kristent innhold. Bandet spilte stort sett på bedehus, kirker og institusjoner, og i starten var den rocka countrystilen med fullt band, skarpe gitarer, steelguitar og 3-stemt sang noe uvant for mange innen de kristne miljøene. Det ryktes at det ble noen ekstraordinære møter i bedehustyrene der bandet hadde vært på besøk, men det gikk seg til etter hvert, og Country Lights ble et populært innslag i forskjellige arrangementer i disse miljøene.

Medlemmene har skiftet en del gjennom årene, men fortsatt er fire av besetningen fra 1978 med: Henning Thunheim, Lars Bjarne Undheim, Henning Årstad og Torild Egeland Reime. I tillegg består Country Lights i jubileumsåret av: Kjell Gudmestad, Per Henry Runde og Andreas Mundal. Medlemmene kommer fra Gjesdal, Time, Hå og Klepp - et virkelig interkommunalt samarbeid med andre ord.

Den første perioden med bandet varte fram til høsten 1987. Deretter ble det en «ferie» på 20 år, og i 2007 spilte Country Lights en «Reunion»-konsert på Bryne. Responsen var så positiv at de fant ut at de ville fortsette, og siden har bandet spilt konserter et par ganger i året, stort sett på Jæren.

Fra 2013 har gruppen arrangert «Country-kveld» i Orre kirke en gang pr. år, noe som er blitt meget godt mottatt. Det har vært fulle hus de siste 10 årene.

Fra 2013 og frem til 2023 har «gamlepresten» i Orre, Jarle Minnesjord vært med som gjestesanger. Jarle fikk raskt ord på seg for sine flotte tolkninger av gospelsanger som var innspilt av bl.a. Elvis og Jim Reeves. For sin innsats bla han utnevnt til «Æresmedlem» i Country Lights da han sluttet som prest i Orre i 2023.

50 årsjubileet markeres med en stor Jubileumskonsert i Frøyland/Orstad Kyrkje lørdag 18. oktober. Her vil både medlemmene i jubileumsåret, samt Jarle Minnesjord og flere av de tidligere medlemmer delta.

**Følgende album er utgitt av Country Lights:**

| | | |
|---|---|---|
| Instrumental (1977) | Møt Ditt Folk (1979) | Bli Med (1982) |
| Liv i Frihet (1985) | Live 2007 (2008) | Nytt Lys (2011) |



**Country Lights 1977.** *Fra venstre: Helge Johannessen, Erling Eriksen, Lars Bjarne Undheim, Arild Ask, Henning Thunheim og Henning Årstad.*



**Country Lights 2025.** *Fra venstre: Henning Thunheim, Lars Bjarne Undheim, Henning Årstad, Torild E.Reime, Kjell Gudmestad, Per Henry Runde og Andreas Mundal.*

# VÅRE LUTHERSKE RØTTER

## ONSDAG 17. SEPTEMBER KL. 19.30
## I FESTSALEN VED KYRKJEKONTORET PÅ VARHAUG

Marthe K. Ø. Primstad vil snakka om våre Lutherske røtter.

Kaffi, te og litt attåt.

Alle er hjerteleg velkomne!



Lutherrose by Daniel Csörföly @ Wikimedia.org



# HJARTEPULS

## ONSDAG 29. OKTOBER KL. 20.00
## I VARHAUG KYRKJE

Velkommen til lovsangs- og delekveld i kyrkja.  Her vil du få bli leda av dyktige musikere i lovsang, og det vil væra rom for å dela det ein har på hjarte. Saman vil me syngja både kjente og nyare sanger - og me vil få tilbringa ein kveld saman med fokus retta mot Gud.

Arr: Varhaug kyrkje og NMS Varhaug

Photo by Mayur Gala on Unsplash




# GJENNOM SMERTEN

## 12. NOVEMBER KL. 19.30
## I FESTSALEN VED KYRKEKONTORET PÅ VARHAUG

Elisabeth Fosse kjem og fortel korleis ho gjennom sorg og smerte har fått erfara ein stor og mektig Gud som er med midt i smerten. Og korleis lyset er sterkare enn mørket.

Hennar forteljing bær med seg sorga over ein bror som døyr som barn, ein far som vert sjuk og døyr medan Elisabeth er ung vaksen og tapet av ei søster, svoger og ei niese i ei trafikkulykke i 2005. Den handlar og om å ha eit krefts-jukt barn og om korleis det var å adoptera søstera sine to barn som og var med i tafikkulykka. Men historia handlar og om korleis Elisabeth har funnet styrke gjennom trua si - og korleis ho har erfart at Gud er med gjennom smerten.

Elisabeth Fosse er oppvaksen på Varhaug. Ho er gift med Svein, har fem barn og bur no på Undheim.




TYRKIA:

# AVSKJEDIGET, UTSTØTT OG TRUET PÅ LIVET

**I løpet av studietiden mistet Eva sin tro på islam. Hun ble likevel religionslærer, men i stedet for å la elevene lære koranvers utenat, slik det var vanlig, prøvde hun å formidle etiske verdier.**

## Eva blir kristen

I Tyrkia er undervisning i islam obligatorisk også for dem som ikkje er muslimer. Så skjedde det at hun fikk en kristen elev i klassen sin. En dag spurte denne eleven om Eva hadde lest Det nye testamente. Slik begynte Evas interesse for og engasjement i den kristne tro, noe som førte til at hun bestemte seg for å bli kristen. Til forskjell fra mange andre muslimske kvinner som konverterte, ble hun ikke plaget av mannen sin. I stedet støttet han henne, og hun hadde i starten ikke noen vanskeligheter som følge av at hun hadde konvertert. Men etter to år mistet hun jobben som lærer. Til å begynne med ble hun beskyldt for å tilhøre den opposisjonelle Gülen-bevegelsen. Snart kom det imidlertid fram at årsaken var at hun var blitt kristen.



## Oppsagt og fengslet

Eva søkte jobb på forskjellige privatskoler. Søknadene hennes ble flere steder tatt godt imot - for så etter kort tid å bli avvist med den begrunnelse at kunnskapsdepartementet hadde lagt ned forbud mot å ansette henne. Hun ble varetektsfengslet, krenket og forhørt. Hennes tidligere omgangskrets vendte seg bort fra henne. Men menigheten støttet henne, også da hun begynte å tvile på sin tro etter at mannen hennes plutselig døde midt i denne vanskelige situasjonen.

## Flykter etter trusler

Etter om lag to år ble Eva først frifunnet og kunne dermed arbeide som lærer igjen. Men allerede etter en måned ble hun oppsagt på ny. De statlige mediene startet en regelrett kampanje mot «den kristne læreren». Hun ble utsatt for fornærmelser og mordtrusler på sosiale medier og via telefon. Til slutt rådet Evas advokaten henne inntrengende om å forlate landet fordi hun ikke var trygg i Tyrkia. Nå lever hun i utlandet sammen med sin datter.

Tekst og foto: Åpne dører

# ME FÅR GJERA DET ME LÆRAR!

*Tekst og foto: Ingeborg Løge Hølland*

Jentene her digger speideren. «Me får vera ute i naturen!», seier Rebecca Bekkeheien Risa, «ja, og ha bål og mat på bål.» legg Ellinor Haaland til. Speideren i Stokkalandsmarka har lagt bak seg eit kjekt og innhaldsrikt vårsemester, og tankane mot hausten er for lengst i gang.

I Stokkalandsmarka KFUK-KFUM er det delt i ei speider-gruppe for 2. og 3. klasse, og ei for 4. klasse og oppover. Opplegget er variert og alderstilpassa. «Me får læra!» utbryt Ragnhild Sofie Skårland, «og me får gjera det me lærar!» Samarbeid, vennskap, mestring og læring er ord som beskriv speideren - med hands on og i fri natur.

Kvart semester tek me òg nokre aktivitetsmerker som sys på skjorta eller skjerfet. Det er litt ekstra gjevt, og fortel litt om kva me har lært og gjort. «Me skulle gjerne hatt fleire jenter òg,» seier Ellinor, og dei andre nikkar einig. Speiding er absolutt for jentene òg, og det kan blant andre desse tre skrive under på.

Så spre ordet! Prøv ut speideren, både jenter og guttar! Sjekk ut «Speider i Stokkalandsmarka» under Varhaug kyrkjelyd på heimesidene for kontaktinformasjon og registrering.»





# INVITASJON TIL TRUSOPPLÆRING

Har du eit barn som ikkje er medlem i Den norske kyrkja (Dnk), men ønskjer invitasjon til trusopplæringstiltaka i kyrkjene våre?

Til mange trusopplæringstiltak i kyrkja vert det sendt ut invitasjonar til alle medlemmane som er i aldersgruppa tiltaket er for. Me veit at det er fleire barn i bygdene som ikkje er medlemmar av kyrkja, som likevel ønskjer å delta på det som skjer. Alle er hjarteleg velkomne til å delta på våre arrangement, uansett om ein er medlem eller ikkje!

Før fekk alle barn av foreldre som var medlemar av Dnk òg brev i posten - dette vart kalla tilhøyrige, og desse navna vart sletta frå kyrkja sine register ved fylte 18 år. Etter ei endring i lova, vart registeret over tilhøyrige barn sletta 1. januar 2021, og desse vil ikkje lenger få direkte invitasjonar frå kyrkja. Det betyr ikkje at dei ikkje er velkomne til å delta på våre arrangement.

Har du eit barn som ikkje er medlem, men ønskjer invitasjon til trusopplæring-stiltaka? Då kan du logga deg inn på «Mi side» til kyrkjaa sitt digitale medlems-register (https://www.kirken.no/nb-NO/om-kirken/minside/) og føra ditt barn opp. Me kan ikkje senda invitasjonen til ditt barn, men invitasjonen vil gå til deg som føresett. Melder du flytting til ein anna stad i Noreg vil denne informasjonen automatisk bli overført til kyrkja der du flytter til!

Er du som forelder heller ikkje medlem av Den norske kyrkja kan du framleis melda barnet ditt på for å få informasjon om trusopplæringstiltak der du bur!

Du kan sjølvsagt og sletta den informasjonen som er om deg og ditt barn når du sjølv ynskjer det.

For spørsmål, eller hjelp til registering, ta kontakt med kyrkjekontoret på telefon 51 43 62 10 eller e-post.

# OPPSTART AV AKTIVITETAR

Det er med årsrytmen som med dagsrytmen - ei tid for kvile og ro, ei tid for aktivitet. Etter ei roleg sommarstid tek me no til att med aktivitetane i kyrkjelyden.

På de neste sidene finner du informasjon om noen av alle de aktivitetane vi har i kyrkjelyden.

Skan QR koden med din mobil og få oppdatert infor-masjon fra hjemmesiden vår.




## FAMILIEMIDDAG

Tenk så godt å kunne komma til dekka bord og ferdig middag, til og med slippe oppvasken.

Me er klare for ein ny haust med familiemiddag her i Nærbø kyrkja.

Gode frivillige står på for å gi menigheten en god koselig familiemiddag éin torsdag i måneden.

Denne hausten er datoane
**11.09., 23.10., 20.11.**
Vel møtt

## NOAS ARK

Velkommen til nytt semester med fredag 15. august 2025.

Noas ark open barnehage er ein møteplass med eit pedagogisk tilbod til barn i alderen 0 - 6 år i fylgje med ein omsorgsperson.

Me held til i underetasjen i Nærbø kyrkja og har ope måndag, tysdag og fredag kl. 08.30 - 13.50. Her kan du koma så ofte du vil og vera så lenge du ynskjer innafor opningstida.

Vi har tilbod om leik, samling og aktivitetar tilpassa barnet sin alder.

Samlingsstunda er kl. 10.30, kjekt om du får med deg den. Felles måltid etterpå med eigen matpakke.

Lurt å ha med innesko til innebruk og uteklær til den kjekke leikeplassen me har ute.

Her er det god anledning til å møta andre som er heime med små barn. Håpar å sjå dykk.

Inngangspengar kr. 20 pr. barn, kaffi/te kr. 10, kontant eller via vipps.

Fylg gjerne Facebook-sida vår:
Noas ark open barnehage

Ring Nærbø kyrkjekontor 51 43 62 10 eller Gunn A. Stokka 91 77 39 84 dersom du har spørsmål.



## BABYSONG

Kurset har fokus på dei gode, gamle barne-reglene, små songar/songleikar, og rim. Alt er tilpassa dei minste sine behov for nærleik, tryggleik og kos. Kurset har som mål å auka og inspirera til kosestunder med rim, regler og små songar i kvardagen. I tillegg er det kjekt å verta kjend med andre.

Kurset er kvar onsdag kl. 10.00 - 11.30.

Først syng me ein halvtimes tid og etter det er du velkommen til å sitte nedpå og drøse litt og spise den medbragte lunsjen din. Me tilbyr vatn, kaffe og te.

Me er nede i Noas Ark-rommet,
i kjellaren til kyrkja.»

Samlinga varer om lag 30 - 40 min. Det er påmelding til kurset. Samla kurspris er på kr. 50,- og består av 6 samlingar. Den siste samlinga før jul blir det ei gåve og kos i lag. De vil få e-post etter påmeldingsfristen med betalingslenke. Påmeldinga opner onsdag 13. august, med oppstart onsdag 3. september.

For meir informasjon, gå inn på www.nærbøkyrkje.no eller ta kontakt med Connie Henriette Reime.




## SKATTEKISTA

Søndagsskulen i Nærbø kyrkje heiter Skattekista og er ein møteplass for alle barn som ynskjer å vera med!

Maskoten vår, Kaninen, kjem fram på gudstenesta og følgjer barna ned i underetasjen der dei får vera med på tilpassa opplegg. Det er óg mogleg å koma direkte til søndagsskulen som startar kl. 11.30. i underetasjen.

Barna blir delt inn i fire grupper etter alder: 0 - 3 år, 4 år - 1. klasse, 2. - 4. klasse og 5. - 8. klasse.

Me får støtte frå NMSU for kvart betalande medlem, og har derfor satt ein frivillig kontingent på 50 kr. i året.

Oppstart 24. august med kickoff og misjonstivoli.

For meir informasjon, gå inn på www.nærbøkyrkje.no, eller ta kontakt med Connie Henriette Reime




## GLORIA

Gloria dansegruppe er ei dansegruppa for deg som går i 3. klasse til 6. klasse.

Me har øving annakvar torsdag i Nærbø kyrkje frå kl. 14.30-15.30. Kyrkja er open frå kl. 14.00 for dei som kjem direkte frå skulen. I tillegg deltek me på ulike arrangement og gudstenester.

Når me har øving, lærer me å danse til ulike songar, me leikar og har ein liten andakt.

Første Gloria etter sommaren er torsdag 4. september. Håpar du kjem.

Om du lurer på noko, kan du ta kontakt med Anne Turid Varhaug.




## KYRKJEDISCO

KyrkjeDisko er fritidsklubben for deg som går i 1.-4. klasse.

Her har me andakt, kiosk, leiker, konkurransar og masse lott og løye i lag med venner!

Me samles ein fredag i måneden, kl. 17.00 - 19-00 - **Merk ny dag og tidspunkt frå hausten av!** Du finn meir info på nettsida til Nærbø kyrkje. Første Kyrkjedisko etter sommaren er fredag 5. september. Det koster ingenting å komme inn, men det er lurt å ha med litt kioskpengar.

Me anbefalar å ikkje ha med meir enn 50,- i kioskpengar.

Me har også ei facebookside som det er lurt å følgje for å få informasjon.

Har du spørsmål kan du ta kontakt med Connie Henriette Reime.

## FREDAGSTWEENZ

Fredagstweenz er det nye Mini-Mer og er ein klubb for jenter og gutar frå 5. til 7. klasse.

Me møtest annankvar fredag kl. 17.30-19.30 i underetasjen i Nærbø kyrkje. Første Fredagstweenz etter sommaren er fredag 29. august

Det startar med ei fellessamling med ein kort andakt. Kvelden er sprekkfull av aktivitetar, konkurransar og premier. Me har sjølvsagt også kiosk.

Me må ha betalande medlemmar for å få pengestøtte av kommunen og NMSU, og har difor sett ein frivillig medlemskontingent på kr. 50.- pr. år.

Medlemspengane går til nye spel og aktivitetar til Fredagstweenz.

For meir informasjon, gå inn på www.nærbøkyrkja.no, eller ta kontakt med Connie Henriette Reime eller Anne Turid Varhaug.

## RELOAD

Reload er ungdomsklubben til kyrkja, for dei i 8.-10. klasse.

Her kan ein blant anna kjøpe noko godt i «baren» (kiosken), spele spel eller Play Station, synge Sing Star eller berre ha ein plass å vere med vener.

I løpet av kvelden samlar me oss til ein liten andakt. Me har òg tidlegare arrangert LAN og paint ball utanom klubbkveldane, og me håpar dette er noko me òg får til framover.

Har du spørsmål, kan du ta kontakt med Helge Bjørgaas Helle.

## FOLLOWME

FollowMe er leiartreninga i Nærbø kyrkje.

Det er for alle frå 10. klasse og oppover.

Me har samlingar med sosialt og litt undervisning, både om kristen tru og om det å vere ein leiar.

Ungdomane som er med i FollowMe er òg med som leiarar i ting som skjer i kyrkja, som trusopplæringa, Reload og konf-weekend.

Er du interessert i dette kan du ta kontakt med Helge Bjørgaas Helle.



Photo by Fabian Blank on Unsplash

# ONSDAGSKAFFIEN

Onsdagsdagskaffien er ein kafé i Nærbø kyrkja som alle er velkomen til. Kafeen er open kvar fyrste onsdag i månaden kl. 13.30 - 15.00.

Vi serverer kaffi/te og påsmurte rundstykke. Kvar gong er det ei utlodning med gevinstar kor alle vinner! Du betalar kun 20 kr ved inngangen for dette.

Vi ønsker å skapa ei god oppleving for dei som kjem med god tid til drøs og hygge. Kvar gong har vi besøk av nokon som syng for oss og/eller har noko å fortelja og dela.

Vi har vore ein god gjeng på ca. 15 - 20 stykker og har plass til fleire.

Det er to frivillige og diakoniarbeidaren som har ansvaret for onsdagskaffien.

Om du er heime på dagtid og har lyst til å prøva ut dette tilbodet er du hjarteleg velkomen til onsdagskaffien!!

Oppstart 3. september.



# GUDSTENESTE TILRETTELAGT

Andre onsdagen i månaden har vi gudsteneste som er spesielt tilrettelagt for mennesker med psykisk funksjonshemming.

